

---

Vår referanse 2020/48586-8  
Dato 10.11.2021

---

Einar Ove Håland  
Hjellvikvegen 429  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

## Verne vurdering

Bruk 1 på Mjelstad ligg der det gamle fellestunet stod. Husa har ikkje vore flytta etter utskiftinga i 1880 (Ref. Rune Revheim).

I NORSKE GARDSBRUK står det: «Våningshus gammalt, ombygt i 1845. Fjøs og løe bygt i 1839». Garden består no av eit nyare bustadhus, garasje, det gamle våningshuset (Teodorhuset), løe bygningen og ein eldre potetkjellar som er i god stand. Bygningane ligg godt synleg og parallelt med Hjellvikvegen.

Teodorhuset på Osterøy Gnr./Bnr. 121/1 med Askeladden ID 265700-0 er ei lemstove som består av to laftekjerner der den mot nord er eldst. I 2019 vart denne datert med analyse av boreprøver som synte at den er bygd i 1585.

§ 4 i Kulturminnelova seier at: *Automatisk fredet er de til enhver tid erklærte stående byggverk med opprinnelse fra perioden 1537-1649, dersom ikke annet er bestemt av vedkommende myndighet.*

Vi ser at berre aldersverdien gjev bygningen status som freda kulturminne (når erklært). I tillegg inngår Teodorhuset i ei samla bygningsmasse for eit småbruk der både potetkjellaren og løa er med på å komplettere og underbygge kulturminneverdien, sjølv om desse kvar for seg ikkje er i fredingsklasse. Teodorhuset blei heller ikkje flytta i samband med utskiftingane noko som er med å forsterke tidsdjupna på garden.

Istandsettingstiltaka på Teodorhuset vil krevje ein god del ressursar før bygningen er på vanleg vedlikehaldsnivå. Så langt er det løyvd midlar frå Post 71 (Freda kulturminne i privat eige) til istandsetting av takkonstruksjonen og til midlertidig tekking av taket. På kort sikt må taktekinga på plass, fleire av vindauga restaurerast og deler av kledningen må skiftast ut. Det vil vere ei stor føremon for prosjektet om det lukkast å finne andre finansieringskjelder i tillegg til post 71, då meir ressursar vil gje ein betre kontinuitet og føreseielege vilkår for arbeidet.

Med helsing

Roald Landøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*